



Normann-kortet fra Ljosneslia med mannen i oselvaren i fokus

Sundag er den tradisjonelle museumsdagen på Rød og ein stor del av programmet kjem til å handla om postkort eller prospektkort.

Difor lyder oppmodinga at alle skal ta med slike kort. Aud Karin Løvfall som har ei imponerende samling monterar bileta sine på vegg medan andre kort vert sorterte og lagt i esker med bakgrunn i tema som kan vera kongebilet og 1905, kort frå Kvinnherad, Noreg og den store verda.

Det vert synt fram ein album med Nordal-foto og dei same motiva i større format innramma. Det vert og presentert eit foto teke frå Flatholm med HSD-båten som kjem inn Storsund og går til kai på Sanden.

Det blir ein gjennomgang av korta si historie på Rød. Det fyrste norskproduserte kortet kom i 1887 og motivet var eit skip ved Nordkapp. Landskapskorta kom med den aukande trafikken. Norske fotografar fekk og produsert korta sine i Tyskland fram til 1900 då vi fekk kunst- og kortforlag.

1905 var det store postkortåret og i tida etter spela postkorta ein stor rolle som fotografisk informasjonsformidlar. Etter kvart kom mange lokale fotografar til - i Kvinnherad Røvde og Presthus

Av Ola Matti Mathisen